

Protokoll frå revisjonskomitemøte i Helse Vest RHF

Tid: 01.11.2011
Møtestad: Helse Vest RHF

Revisjonskomitemøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå komiteen

Gisle Handeland
Gro Skartveit
Reidun Nyborg Johansen

Styreleiar
Medlem
Medlem

Sekretær for revisjonskomiteen

Leiar for internrevisjon Bård Humberset

Deltakarar frå administrasjonen

Eigardirektør Ivar Eriksen

Sakliste

| | |
|---------|---|
| B 21/11 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| B 22/11 | Protokoll frå møte i Revisjonskomiteen 06.09.2011 |
| B 23/11 | Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor |
| B 24/11 | Rapport frå internrevisjon av medisinsk kodepraksis |
| B 25/11 | Møteplan for revisjonskomiteen i 2012 |

Underlag

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

B 21/11 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

B 22/11 Protokoll frå møte i Revisjonskomiteen 06.09.2011

Vedtak (samrøystes):

Revisjonskomiteen godkjende og undertekna protokollen frå revisjonskomitemøte den 06.09.2011.

B 23/11 Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor

Oppsummering:

Leiar for internrevisjonen informerte om prosessen for rekruttering av ny internrevisor. Han har god tru på ei tilsetjing i næraste framtid. Komiteen spurte om det lar seg gjere å leige eller kjøpe inn kapasitet i denne overgangsfasen. Leiar for internrevisjonen repliserte at det blir gjort fortløpande vurderingar i så måte, og at det i planlagde prosjekt vil bli gjort bruk av eksterne ressursar i ennå større grad enn elles.

Vedtak (samrøystes):

Komiteen tar saka til orientering.

B 24/11 Rapport frå internrevisjon av medisinsk kodepraksis

Oppsummering:

Leiar for internrevisjonen orienterte om prosjektet og prosessen. Komiteen understrekte i ordsiftet alvoret i det som er kome fram i revisjonsarbeidet. Det synest å vere gode grunner til å gripe fatt i dette, ikkje berre i dei to HF-a som er blitt reviderte i Helse Vest, men og i de to andre. Vidare ser komiteen at RHF-et bør ta ei klar rolle i denne saka. Det vert mellom anna vist til anbefalinga knytt til IT-systema og til opplæring.

Vedtak (samrøystes):

1. Revisjonskomiteen viser til, og sluttar seg til tilrådingane i revisjonsrapportane til Helse Bergen og Helse Fonna.

2. Komiteen viser også til tilrådingane i hovudrapporten frå det nasjonale prosjektet og oppmodar Helse Vest RHF om å vurdere mulige tiltak i heile føretaksgruppa. Etter komiteen si oppfatning bør det også omfatte anbefalinga som i rapporten er stila til helseføretaka, om at ein bør sjå nærare på dei IT-systema som vert nytta til medisinsk koding.

B 25/11 Møteplan for revisjonskomiteen i 2012

Oppsummering:

Vedtak (samrøystes):

Revisjonskomiteen vedtar denne møteplanen for 2012:
17. januar; 8. mai; 21. juni; 2. oktober; 4. desember

Ref. Bård Humberset

06.09.2011

Gisle Handeland
leder

Gro Skartveit
medlem

Reidun Johansen
medlem